

FORELDREINFO JANUAR 2025

FAU/SU

Referat frå FAU 14.jan
finn de på [heimesida](#).

Neste møte i SU er
18.februar



SFO

Påmeldingen til SFO opnar 1.februar. Fristen for å søka plass er 1.mars. Alle som ynskjar å benytta seg av tilbodet må søka innan fristen.

Meir informasjon finn de på skulen si heimeside under SFO.

TRIVSELSLEDER


Marita var saman med vårens TL'er i Eigersund på leikekurs denne veka. Dei lærte mange kjekke nye leiker som dei skal lære vidare til alle elevane på skulen.



Bjerkreimsverden

Endeleg er me i gang!

Ordføraren kom og snakka med elevane før ho var så heldig å få ta første spadestikk med gravemaskinen. Det første som skal skje er at dei må lage grøfter for dreng og setting av kummer, før dei skal klargjera for betongarbeid.



Hei!

Januar er snart over, og me har hatt nokre høgdepunkt denne månaden, mellom anna nokre gode dagar med leik i snø og oppstart av Bjerkreimsverden. I tillegg har 1.trinn hatt 100 dagarsfest, kor elevane kledde seg opp til fest, og feira at dei hadde gått 100 dagar på skulen. Tenk at me allereie er over halvvegs i dette skuleåret.

Neste veke skal me i gang med felles leseprosjekt for alle klassane på skulen, dei har ulike tema på trinna, men felles er at alle skal lesa mykje og lære meir om eit tema.

Mvh **Karen M. Ollestad**

Rektor

